

## AKTIVITETSKVELD VED MELAND UNGDOMSSKULE

**TORSDAG 17.NOVEMBER KL.18.00-20.45**

FAU ved Meland Ungdomsskule tek også i år initiativ til aktivitetsskveld for elevane ved skulen. Dette er aktivitetar som går på tvers av klassetrinna, og det er ein del av ZERO-aktivitetar som skal bidra til at elevane trives betre på skulen. Som foreldre får de no litt førehandsinformasjon om det elevane kan melda seg på. Samstundes ønskjer vi at foreldre tar seg tid til å møte på skulen denne kvelden. De kan sjå på dei ulike aktivitetane, eller slå av ein prat med andre foreldre.

Nytt i år er at elevane vil rullera mellom gruppene med nye aktivitetar! Meir utfyllande info om dei ulike aktivitetane vert gitt ved oppmøte. Påmelding skjer til kontaktlærar. (Det er frivillig påmelding –men kanskje nokon treng eit puff ☺)



Det vert ulike aktivitetar/kurs der elevane skal innom alle aktivitetane:

Vi har dyktige instruktørar som er klar for å gje alle ein flott kveld.

### Program for kvelden:

**Kl.1800:** Aktivitetar i dei ulike gruppene. Elevane møter i kantina.

**Kl.1930:** Kafeen opnar. Det er kjekt om foreldre kjem og "minglar" litt.

Det vert sal av bakverk, saft, te/kaffe i elevkantina.

**Kl.2000:** Biletframsyning frå kvelden.

Elevane betalar kr.30,- ved påmelding. (Frist 10.november)

Overskot går til trivselstiltak på skulen.

Elevane er velkomne til ein kjekk aktivitetsskveld ☺

Helsing FAU – Meland u.skule